

## Innspel til høyring om praktisk læring i skulen 5.-10.trinn

Eg har stor tru på at dei estetiske faga har ein positiv verknad på elevane sin motivasjon og kan bidra til å bygge meistring. Som eit viktig supplement til dei teoretiske faga trur eg at musikk, teater, kunst og handverksfaga kan hjelpe til både med å bygge meistring, men også til å skape eit betre skulemiljø. Dersom fleire elevar finn sin arena å meistre på, vil dei automatisk få auka trivsel og betra tilhøyr.

Gjennom mange år har kulturskulen i Sunnfjord hatt samarbeid med grunnskulen om musikkprosjekt, der timeplanen vert løyst opp og elevane får bruke seg og erfare på andre område enn til vanleg. Eg har ei oppleving av at desse prosjekta styrkar skulemiljøet og bidreg til at fleire får gode opplevingar. Her er det andre elevar som får skinne og oppleve meistring - ikkje berre skulevinnarane/dei som presterer høgt i dei teoretiske faga. I alle desse prosjekta har vi blitt overraska av enkeltelevar som viser sider og talent dei ikkje elles har fått vist fram i skulekvardagen.

Eg vil anbefale at skulen ser til kulturskulen og søker samarbeid med det skuleslaget. Kommunen er eigar og drivar av begge desse skuleslaga, og mange har eit unytta potensiale til å bruke kulturskulen for å styrke oppvekstsektoren i kommunen.

Kulturskuletilsette har høg kompetanse innan dei estetiske faga og har mykje kunnskap om meistringsskapande kunstnariske aktivitetar. Eg tenker ikkje at kulturskulen skal ta over undervisninga i dei estetiske faga, men at kulturskulen kan brukast som ressurs. Det er skulen sjølv som kjenner elevane, og det er skulen som må skaffe seg kompetanse i dei estetiske faga slik at dei vert ein naturleg del av skulekvardagen. Å starte dagen med ein song styrkar samhaldet, å bruke dramateknikkar i gymmen er både gøy og lærerikt, å lære språk gjennom å synge songar på ulike språk er uvurderlig læring.

Lukke til med viktig arbeid!